

# SKULEREGLEMENT FOR RUBBESTADNESET SKULE

Alle elevar, tilsette på skulen og foreldra har eit felles ansvar for at:

***“På Rubbestadneset skule skal alle oppleve respekt, tillit og klare forventningar i eit trygt og motiverande miljø.”***

Retningslinjer for arbeidet (Gjeld i skuletida, på skuleturar/arrangement og på veg til og frå skulen):

1. Alle skal arbeide for eit godt læringsmiljø der alle er høflege og snakkar fint til og om kvarandre. Me har nulltoleranse for mobbing.
2. Alle skal vere førebudde til timane, møte i rett tid og ha med seg det dei treng. Dersom eleven kjem for seint, eller møter ubudd skal skulen ha melding.
3. I skuletida skal alle vera innanfor skuleområdet dersom ikkje anna er avtala.
4. Godteri/søtsaker kan me berre ha med ved særleg løyve.
5. Det er forbode å røykje, snuse eller nytta rusmiddel på skulen sitt område, i skuletida eller på skulen sine tilskipingar på kveldstid.
6. Alle skal kaste avfall i bosskorger, inne og ute. Me må ta godt vare på skulen sine bygningar, utstyr og skuleområde og ikkje drive hærverk på desse.
7. Den som har lånt bøker, datamaskinar eller anna utstyr av skulen har ansvar for dette. Bøker som skal brukast over fleire år skal ha bokbind.
8. Ytterklede og sko skal vere på gangen der det er praktisk mogleg.
9. Romma skal vere rydda og i fin stand etter bruk. Alle har ansvar for å halde orden på sin arbeidsplass.
10. Ingen skal sykle, bruka rullebrett, rullesko og rulleskøyter på skuleområdet i skuletida.
11. Det er berre lov å kaste snøball på merka blinkar ute.
12. Private PC' ar kan nyttast etter avtale med lærar. Det er ikkje lov å bruke mobil eller andre nettbaserte media i timane eller i friminutta.
13. Der ikkje anna er sagt gjeld “forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Bømlo kommune”.